Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/166-52

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap		
Kommunestyre		

Reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru ved Eidsborg

Saksframlegg godkjent 01.10.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Vedlegg

1 Fv. 450 - Vrengen bru - Forslag til reguleringsplan for politisk slutthandsaming.pdf

2 Fv. 450 Vrengen bru_Plankart.pdf

3 Fv. 450 Vrengen bru_Planomtale.pdf

4 Fv. 450 Vrengen bru_Reguleringsføresegner.pdf

5 Vedlegg 01_Fv 450 Vrengen bru_Vurdering av krav KU.pdf

6 Vedlegg 02_Fv.450 Vrengen bru_Merknadsbeh_varsel om oppstart_m vedlegg.pdf

7 Vedlegg 03_Fv. 450 Vrengen bru_Geoteknisk prosjekteringsnotat.pdf

8 Vedlegg 04_Fv.450 Vrengen bru_Flom_og_vannlinjeberegninger_m_vedlegg.pdf

9 Vedlegg 05_Fv 450 Vrengen bru_Flom- og vannlinjebergn_vurdering av forutsetn.pdf

10 Vedlegg 06_Fv.450 Vrengen bru_Kartlegging naturverdiar.pdf

11 Vedlegg 07_Søknad og disp. frå forskrift fredn av trua artar_systermarihand.pdf

12 Vedlegg 08_FV.450 Vrengen bru_rapport_Kulturarv.pdf

13 Vedlegg 09_Fv.450 Vrengen bru_Støyrapport.pdf

14 Vedlegg 10_Fv. 450 Vrengen bru_ROS-analyse.pdf

15 Vedlegg 11_Fv. 450 Vrengen bru_notat_ingeniørgeologiske vurderinger.pdf

16 Vedlegg 12_Fv.450 Vrengen bru_Merknadshandsaming_OE_med vedlegg.pdf

Bakgrunn for saka
Telemark fylkeskommune har laga forslag til reguleringsplan for ein strekning av fylkesveg 450 ved Vrengen bru i Eidsborg. Reguleringsplanen omfattar utbetring av fylkesvegen frå garden Reflebrekk og eit stykke forbi Vrengen bru mot Eidsborg.

Tidlegare vart det laga eit forslag til utbetring for denne strekningen der ein lagde ny veg aust for den vegen vi har i dag over Vrengen bru. Tokke kommune løyvde 2 millionar kroner i støtte til prosjektet dersom den austre traseen vart bygd.

Etter eit nytt vedtak i Fylkeskommunen vart det vedteke å fylgje den eksisterande traseen og å utbetre den med ny Vrengen bru. Fylkeskommunen har no kome med eit reguleringsplanforslag for denne traseen.

Det visar seg no at Vrengen bru er i svært dårleg forfatning, og ein har sett ned aksellasttrykket på brua. Dette fører til ulemper for lastebiltrafikken over brua.

Forslaget til reguleringsplan var ute til offentleg ettersyn frå 10. mai til 29. juni i år. Formannskapet og kommunestyret handsama planforslaget i møte i juni. Kommunestyret uttala seg negativt til planen og ynskte at vegen skal byggast etter den austre traseen som var det fyrste alternativet for forbetring av vegstrekningen.

Telemark fylkeskommune har ikkje teke omsyn til denne uttala frå Tokke, og dei legg fram forslag til reguleringsplan der ein fylgjer eksisterande trase og bygger ny bru der den gamle ligg no.

Det er kommunen som vedtek reguleringsplanane i Tokke. Formannskapet er planutval, men endeleg godkjenning av reguleringsplanar må til kommunestyret. Dette er grunnen til at sak no kjem til kommunestyret for endeleg vedtak.

Saksutgreiing
Når saka var ute til høyring i juni så vedtok kommunestyret at ein ikkje ville tilrå bygging av ny Vrengen bru som utkastet var lagt fram frå Telemark fylkeskommune. Grunngjevinga var miljømessige konsekvensar for kulturlandskapet og for garden Reflebrekk.

Fylkeskommunen har ikkje teke omsyn til denne uttalen og legg no fram eit planforslag med ny bru og å fylgje eksisterande trase. Dette er i tråd med politikarane på fylkesnivå sin avgjerd. Dei har vedteke at ein skal fylgje eksisterande trase og ikkje den tidlegare som ligg lengre aust med fjellskjæring og ny bru over Eidsborgbekken.

Administrasjonen ynskjer å vere positive til det framlegget som fylkeskommunen kjem med no. Det er vedteke på fylkesnivå, og dersom vi seier at vi ikkje vil godkjenne dette er det uvisst når det kjem utbetringar på denne dårlege strekningen.

Det er stor samfunnsnytte å å få utbetra vegen. Det har dei siste 3-4 åra vært utbetringar i Eidsborgberget. No blir det Vrengen bru som blir ein stor flaskehals på strekningen Dalen til Høydalsmo. Denne strekningen er svært viktig for næringslivet på Dalen og i Tokke kommune. Det er hovudinnfart til Dalen frå aust.

Kommunedirektøren ser det som svært uheldig dersom denne utbetring blir utsett, eller ikkje blir gjennomført.

Det er ikkje kome inn viktige kommentarar i høyringsfasen, slik at det er ikkje gjort vesentlege endringar på planen sidan høyringa i vår.

Konklusjon
Kommunedirektøren ser det som svært viktig for samfunnsutviklinga at det blir utbetra strekningen ved Vrengen bru. Det er meir fordelar enn ulemper med dette forslaget, og alternativet er at det kanskje ikkje kjem utbetring på lang tid dersom vi seier at vi ikkje vil ha denne løysinga.

Kommunedirektørens tilråding
Tokke kommune vedtek i medhald av Plan- og bygningslova §12-12 reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru, planID 20240001, med tilhøyrande plankart og føresegner som er datert 18.09.2026.